

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Felles retningslinjer for brukarmedverknad**

ARKIVSAK: 2016/3527
STYRESAK: **031/2017**

STYREMØTE: **28.04.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek felles retningslinjer for brukarmedverknad til orientering og føreset at dei vert implementerte i Helse Førde.

Oppsummering

Saka gjeld felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå på tvers av dei fire regionale helseføretaka og i helseføretaka i Helse Vest. Det er lagt opp til nokre regionale tilpassingar i Helse Vest som gjeld prinsipp for brukarmedverknad, samansetjing av brukarutval og økonomi/honorering. Retningslinjene er styrehandsama i Helse Vest og skal etter styrehandsaming i Helse Førde implementerast i føretaket.

Fakta

Helse Nord RHF har leia eit arbeid med felles retningslinjer, etter at Helse- og omsorgsdepartementet i 2015 stilte krav om at prinsipp og rutinar skulle vere like. Retningslinjene tek for seg følgjande tema:

- Prinsipp for brukarmedverknad
- Retningslinjer for brukarutval
- Mandat for brukarutval
- Arenaer for brukarmedverknad
- Samansetjinga til brukarutvalet
- Arbeidsform og administrasjon
- Kompetanse
- Forventningar til medlemmer i brukarutval
- Habilitet og konfidensialitet
- Økonomi

I tillegg er det vedlegg om regionale tilpassingar i Helse Vest, lover og vedtekter, teieplikt, ungdomsråd og brukarmedverknad i helseforskning. Det er i styringsdokumentet for 2017 stilt krav om at retningslinjene skal leggjast fram for styra og implementerast i verksemda.

Kommentarar

Brukarmedverknad på systemnivå er eit viktig verkemiddel for å sikre at pasientar og påførande sine stemmer blir høyrde, og rutinar for brukarmedverknad bør difor vere felles på tvers av helseføretaka. Gjennomgåande er retningslinjene samanfallande med korleis brukarmedverknaden fungerer i Helse Førde, men dei systematiserer og skriftleggjer medverknaden ytterlegare.

Ei endring frå i dag er at ein eller to representantar frå brukarutvalet skal møte i styremøta som observatør med tale- og forslagsrett. I den regionale tilpassinga i Helse Vest er det lagt opp til at ein representant møter, men at det også kan veljast vara for denne.

Brukarrepresentantar har i Helse Førde møtt som observatørar, men har ikkje hatt tale- og

forslagsrett. Helse Førde føreslo i sin uttale til retningslinjene at leiar for brukarutvalet burde oppnemnast som ordinært styremedlem. Det vart ikkje teke til følge.

Dei nye retningslinjene seier også at observatørar til styremøtet frå brukarutvalet deltek på styreseminar på lik linje med andre styremedlemer.

Retningslinjene slår fast at det skal etablerast ungdomsråd ved alle sjukehusføretaka. Denne etableringa er i gang i Helse Førde, og den første samlinga er planlagt 1. til 3. september.

I Sogn og Fjordane er det felles brukarutval for Helse Førde og kommunane. Her skil vi oss frå andre. I den regionale tilpassinga heiter det at praksisen med oppnemning av brukarutval i samarbeid mellom Helse Førde og kommunane kan halde fram.

Konklusjon

Dei felles retningslinjene for brukarmedverknad gir eit godt grunnlag for ein einskapleg praksis og høve til reell medverknad for brukarane.

Vedlegg:

Felles retningslinjer for brukarmedverknad